



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 28.12.2018
Vår ref: 18/03106-8
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Husafjellet/Eikefet gbnr. 220/9 i Lindås kommune. Tiltakshavar: Oster Pukk og Sand AS.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til
søknad om driftskonsesjon, motteke ved DMF den 10. august 2018.

1. Tildeling av driftskonsesjon

DMF tildeler Oster Pukk og Sand AS, org. nr. 932 307 952, heretter kalla
«tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Husafjellet/Eikefet pådel av
eigedomen gbnr. 220/9 i Lindås kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien
mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 24 daa og går fram av kart med tittelen
«konsesjonsområde Husafjellet i Lindås kommune» produsert ved DMF den 9.
november 2018.

Etter reguleringsplan «Eikefet og Urdal råstoffutvinning og industriområde» med
planID 1263-201107, vedteken i kommunestyret den 13. september 2012, er området
regulert til råstoffutvinning.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning,
arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å
innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik fra driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren er allereie blitt pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 3 000 000 for heile området, slik det vert skildra i vedtak av 11. juli 2013, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

Den regulerte føremålgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Husafjellet/Eikefet. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegnar med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Lindås kommune, Statens vegvesen Region vest, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, NVE Region vest samt andre høyringsinstansar slik det framkjem av adresselista til høyringsbrevet, samt adresselista til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 9. november 2018 til 7. desember 2018.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Statens vegvesen Region vest:

Statens vegvesen viser til at de har kome med innspel i samband med revisjon av reguleringsplanen, og at det er utarbeidd reguleringsføresegner som skal ivareta drift, vedlikehald og tryggleig med tanke på eksisterande E39 og seinare ny E39 som skal gå gjennom reguleringsplanområdet. Dei føreset at drift av uttak av steinmassar på gbnr. 220/9 vil bli verte gjort i samsvar med føresetnadane som er vedtekne i gjeldande reguleringsplan. I tillegg gjer vegvesenet merksam om at det er lagt inn feil trase for regulerert ny E39, noko dei har gjeve tilbakemelding om i samband med revisjon av reguleringsplanen. Dei føreset at denne feilen blir retta opp. Ut over dette hadde vegvesenet inga vesentlege merknader til søknaden om driftskonsesjon.

DMF sine kommentarar:



DMF harteke høyringssinnspelet til etterretning. Vi minner tiltakshavaren om at løyve til drift etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovverk. DMF føreset difor at tiltakshavaren driv i tråd med føresegner gjeven i gjeldande reguleringsplan samt anna tilstøytande regelverk. Når det gjeld vegvesenet sin merknad knytt til at det er lagt inn feil trase for ny E39 legg DMF til grunn at dette er kommunen si oppgåve å korrigere jf. pbl. § 3-2. Vi har like fullt notert oss merknaden.

Fylkesmannen i Hordaland:

Fylkesmannen viser til at det blei gjennomført tilsyn med tiltakshavaren i medhald av kap. 30 i forureiningsforskrifta våren 2018. Det kom då fram at verksemda ikkje stettar fleire krav i forskrifta. Ifølgje fylkesmannen skal verksemda søkje om løyve etter forureiningslova. Det er venta at ein slik søknad vil ligge føre i løpet av våren 2019. Fylkesmannen viser til at mellom anna reinsing av vatn, tiltak mot støv og støy vil verte regulert i eit eventuelt løyve. I og med at søknaden ikkje medfører nokon auke i årsproduksjon samanlikna med dagens produksjon har fylkesmannen inga merknader til søknaden. Avslutningsvis informerer fylkesmannen om at dei har fått søknad frå eit avfallsselskap om å etablere deponi innafor det nedlagte masseuttaket på Eikefet. Denne søknaden er ikkje handsama ferdig.

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringssinnspelet til etterretning.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE):

NVE hadde ingen merknader til søknaden.

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringssinnspelet til etterretning.

Oddvar Urdal:

Urdal viser til at han er eigar av gbnr. 220/1 i Lindås kommune. Han meiner at han som nabo ikkje får varsling om sprenging på SMS eller på annan måte og at skiltet i Urdalen heng oppe heile tida. Urdal seier at manglande varsling blei teken opp med HMS-ansvarlig for Oster Pukk og Sand. Han hevdar at han fortsatt ikkje får varslingar, noko han og meiner at sentrale personar i verksemda kjenner til. Urdal reiser difor spørsmålet om kva DMF gjer no og seinare. Vidare skriv Urdal at det har blitt sprengd på gbnr. 220/9 noko som førte til at blokker og sprengstein har kome over på gbnr. 220/1, eit område tiltakshavaren ikkje har tilgang til og heller ikkje har gjerdar inn. I samband med dette ber Urdal om at DMF eller kommunen kjem på synfaring før det blir gjeven konsesjon. Urdal meiner også at det må utarbeidast konsekvensutgreiing med tanke på vind og nedbør, samt kor stort nedslagsfelt og konsekvensar det vert med større vassføring mot Urdalselva med denne søknaden og seinare start i brotet.

DMF sine kommentarar:

Når det gjeld varsling er ikkje dette forhold DMF rår over. Tiltakshavaren er forplikta etter forureiningsforskrifta § 30-8 til at sprenging berre kan skje mandag til fredag fra 07:00-16:00 og at naboar skal vere varsle om når sprenging skal finne stad. DMF har ikkje noko mynde etter forureiningsregelverket. Vi minner likevel tiltakshavaren om denne føresegna og om at tiltakshavar er forplikta til å sikre at naboane får varsle i forkant av sprenging. Vi nemner at det er Fylkesmannen som har mynde etter forureiningslova og forureiningsforskrifta, og vi oppmodar difor om at Urdal formidlar beskjed til



Fylkesmannen dersom tiltakshavaren ikkje etterlever sine plikter etter forureiningsregelverket. I samband med merknader knytt til sprenging på gbnr. 220/9 som har ført til at stein har kome over på gbnr. 220/1, minner DMF om at tiltakshavaren er forpliktta etter minerallova § 49 til å sikre heile området slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Vi føreset at tiltakshavaren har naudsynte rutinar og internkontroll som skal ivareta sikkerheita når det skal sprengast. I tillegg minner DMF om eksplosivforskrifta, særleg kapittel 10 knytt til sprenging. I eksplosivforskrifta § 89 skal det takast omsyn til og treffast tiltak for å hindre skade på omgjevnadane og miljøpåverknad av sprengingsarbeida. Det er Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) som er ansvarleg for oppfølging av eksplosivforskrifta. Når det gjeld Urdals sine merknader knytt til konsekvensutgreiing, er dette regulert i plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiinger. Det er like fullt kommunen som har ansvar for planlegging etter plan- og bygningslova. Vi har lagt til grunn gjeldande reguleringsplan vedteken i kommunestyret den 13. september 2012, og ut ifrå det DMF kan sjå blei det gjennomført ei konsekvensutgreiing i samband med dette. Det er kommunen som er planmynde og som avgjer om det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing for eit område.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomensten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gbnr. 220/9 i Lindås kommune, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomensten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.



Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomensten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 24 daa og går fram av kart med tittelen «konsesjonsområde Husafjellet i Lindås kommune» produsert ved DMF den 9. november 2018.

Etter reguleringsplan «Eikefet og Urdal råstoffutvinning og industriområde» med planID 1263-201107, vedteken i kommunestyret den 13. september 2012, er området regulert til råstoffutvinning.

5.3 Økonomien i prosjektet

Økonomien i prosjektet blei vurdert i samband med konsesjonsvedtak av 11. juli 2013. Tiltakshavaren har også stilt økonomisk garanti for heile området i tråd med same vedtak. I og med at dagens søknad gjeld for ein enkelt eigedom som det ikkje er gjeven konsesjon for tidlegare, og vurdering av 11. juli 2013 tok utgangspunkt i heile området, finn DMF at økonomisk sikkerheit slik det er stilt i konsesjonsvedtak av 11. juli 2013 er tilstrekkeleg.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på kring 24 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut, inklusive områder der det tidlegare er gitt konsesjon, er estimert til 2 800 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 46 300 faste m³. Det er planlagt drift i 3 etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Det er ikkje avklart etterbruk av området pr. i dag. Alternative bruksføremål vil kunne vere jordbruk, industri eller landbasert fiskeoppdrett.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Husafjellet/Eikefet godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.



Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Rune Alling som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Tiltakshavaren beskrev at dei har drive brotet sidan 1982. Dei driv entreprenørdrifta i uttaket sjølve, i tillegg til at dei får bistand frå anna entreprenør når det gjeld boring og sprenging. Sjølv har tiltakshavaren opplyst at operasjonsleder har meir enn 20 års erfaring frå drift i steinbrot, anlegg og leiring og fagbrev som maskinførar. I tillegg kan dei vise til at andre tilsette også har meir enn 10 års erfaring frå steinbrotts drift. Tiltakshavaren har også ein laboratorieleiar/geolog, samt inngått avtale med eit eksternt firma som yter bistand på bergfaglege spørsmål.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. I samband med planprosessen er det gjennomført ei konsekvensutgreiing som skildrar miljøverdiar i området og gjer greie for kva konsekvensar uttaket vil ha for miljøet.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte i november 2018) er lagde til grunn for vurderingane etter



naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området.

Ifølgje konsekvensutgreiinga blei det vurdert at ei utviding av eksisterande steinbrot ikkje ville ha større negativ verdi for naturmiljøet enn dagens steinbrot. I tillegg har konsekvensutgreiinga omtala tema knytt til naturressursar som jord, skog/andre utmarksareal, fisk og vilt, vassførekommstar og ressursar knytt til berggrunn og lausmassar. Når det gjeld jordbruksareal innafor reguleringsgrensa, er det vurdert at verdien innafor reguleringsplanen er liten. Dei areala som er egna for dyrking ligg ifølgje konsekvensutgreiinga utafor steinbrotet. Konsekvensen bleidifor vurdert å være ubetydeleg.

For skogbruket sin del blei det i konsekvensutgreiinga vurdert at samla skogressursar innafor planområdet var små. Dei areala av skog med høg bonitet vert vurdert å vere så små at dei i seg sjølve var lite drivverdige. Utviding av steinbrotet blei konkludert med ikkje å ha påverknad for skogbruk i området, slik at konsekvensen av tiltaket dermed var ubetydeleg.

I tillegg omtalar konsekvensutgreiinga tilkomsten til jord- og skogressursane. Tiltaket vert vurdert å ha ingen konsekvens for tilkomsten til jord- og skogressursar i området.

Med tanke på endring av vasskvalitet peiker konsekvensutgreiinga på at ei utviding av steinbrotet vil kunne medføre større overflateavrenning. På bakgrunn av dette blei det lagt inn i reguleringsplanen at det skal etablerast ein voll mellom yttergrensa av steinbrotet og Urdalselva, i tillegg til at tiltakshavaren fortsatt vil bruke sedimentasjonsbasseng inne i steinbrotet. Drift av steinbrotet blei vurdert å ha liten påverknad på vasskvaliteten i Urdalselva.

Vidare omtalar konsekvensutgreiinga også verdien av grus- og sandressursane innafor reguleringsområdet. Konsekvensutgreiinga viser primært til at vurderinga er gjort ut fra NGU sine databasar for temaet. Verdien av grus-/sandressursane innafor reguleringsplanområdet er vurdert som viktig. Konsekvensutgreiinga viser til at sand- og grusressursane i området ikkje vert påverka av endringa i brotkanten for den gamle og den nye reguleringsplanen. Ny reguleringsplan blei difor vurdert ikkje å medføre noko konsekvens for grus- og sandressursane i området.

Når det gjeld tiltaket sin innverknad på drikkevasskjelder og brønnar er det ikkje registrert drikkevasskjelder innafor reguleringsområdet. Det blei difor konkludert med at området har liten verdi for dette tema, samt at konsekvensomfanget også vert lite.

Konsekvensutgreiinga har også handtert tiltakets innverknad på ressursar knytt til sjøen. Nærmete lokalitet knytt til havbruksnæringa ligg 2 km frå plangrensa. Området vert difor vurdert å ha middels til liten verdi for havbruksnæringa. Fjorden frå Hjelmåsvågen i sørvest og inn til Vikanes er ifølgje konsekvensutgreiinga definert som eit regionalt viktig gytteområde for torsk. Verdien av området er vurdert å vere middels til stor. Reguleringsområdet overlappar berre marginalt med gytteområdet, samt at drift etter ny reguleringsplan ikkje endrar på konsekvensane for området utanfor som gytteområde. Eventuelle partiklar vil, ifølgje konsekvensutgreiinga, i liten grad drive inn i gytteområdet før dei søkk til botnen. Tiltaket vert på bakgrunn av dette vurdert å ha ingen konsekvens for gytteområdet. Det er ifølgje konsekvensutgreiinga ikkje registrert



fiskefelt for aktive eller passive reiskapar i området. Verdien som fiskeriområde blei sett til liten, og konsekvensar av tiltaket sett til å vere ingen.

DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

Avrenning – vurdering etter forureiningsforskrifta § 30-6

Det går fram av reguleringsplanen at tiltaket kan føre til avrenning til ein recipient. Ifølgje konsekvensutgreiinga blei det ved undersøking av ungfish og vasskvalitet i Urdalselva, avdekka høge konsentrasjonar av kalsium og nitrat, i den delen av elva som er påverka av tilsig frå dagens masseuttak. Likevel blei konsentrasjonane vurdert til truleg ikkje å vere så høge at dei ville ha avgjerande innverknad på dyrelivet i elva. Undersøkingar viste bra med ungfish av aure i heile vassdraget, og samanhaldt med at det var ingen tydeleg skilnad i fisketettleik mellom urørt og rørt del av vassdraget, blei det konkludert med at utviding av steinbrotet ikkje ville ha ubetydeleg til liten negativ konsekvens for vassdraget.

Konsekvensutgreiinga peiker også på at utviding av eksisterande steinbrot kan føra til større overflateavrenning. Det er difor planlagt å etablere ein voll mellom yttergrensa av steinbrotet og Urdalselva, slik at ein vil hindre auka transport av partiklar ned om elva. I tillegg nyttar tiltakshavaren eit sedimenteringsbasseng inne i brotet. Vatn frå sedimentasjonsbassenget er planlagt brukt som produksjonsvatn ved knusing av stein, samt at tiltakshavaren har planar om å resirkulere produksjonsvatnet attende til sedimenteringsbassenget.

DMF minner om forureiningsforskrifta kap. 30 og plikta til å melde frå til forureiningsstypesmakta ved oppstart av verksemda. DMF understrekar at tiltakshavaren har plikt til å halde seg innanfor dei grenseverdiane som er fastsette i § 30-6 av forskrifta.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminner

Kulturminne er handsama som eit eige tema i konsekvensutgreiinga. Alle registrerte kulturminne blei funnen utafor tiltaksområdet. Dei funn som blei gjort innafor steinbrotet sitt influensområdet var knytt til gardane StorAurdal og Stormyrii. Ifølgje konsekvensutgreiinga ligg gardstuna på eit flatare område der dalføret opnar seg mot fjorden. Registrerte bygg i området blei i samband med konsekvensutgreiinga vurdert til ikkje å kome i konflikt med utviding av steinbrotet. Det blei heller ikkje registrert nyare tids- eller eldre tids kulturminne innafor tiltaksområdet. Området blei difor vurdert å ha liten verdi for kulturmiljø. Tiltaket blei også vurdert til ikkje å svekke samanhengar mellom omgjevnadene og kulturminna som er registrert.

DMF støttar seg til dei vurderingane som blei gjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.



5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Konsekvensutgreiinga behandlar landskapsbilete som tema. Der er det mellom anna gjort greie for at steinbrotet i Husafjellet allereie dominerer nedre deler av Urdalen. I samband med utviding av steinbrotet har konsekvensutgreiinga tatt for seg ulike alternativ til utviding av steinbrotet, der 0-alternativet er drift i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Konsekvensutgreiinga viser til at vegetasjonen i området er prega av lite mangfald og sær preg, utanom sjølve dei markerte terrengetypene i området. I konsekvensutgreiinga blir det påpeikt at nærliken til Eikefetelva har kunne auka landskapsverdien, men området er allereie sterkt prega av Mesta sitt asfaltverk og OPS sitt produksjonsområde. Etter ei samla vurdering av landskapsverdien for drift etter gjeldande reguleringsplan, verd området vurdert å ha middels verdi. Landskapets sårbarheit blei vurdert å vere stor i dei lokale landskapsromma, og liten til middels i det overordna landskapsrommet.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, pukk og leire (byggjeraåstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Steinbrotet er ifølgje konsekvensutgreiinga for hjørnesteinsbedrift med stor identitetsverdi for lokalmiljøet. Drifta i brotet blei starta opp i 1975. Tiltakshavaren leverar pukk lokalt, samt til heile Bergensregionen, vegsektoren i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Eksportdelen er likevel størst. Med bakgrunn i kvaliteten av produktet, samt fordelan av å frakte med båt, har tiltakshavaren ingen konkurrentar lokalt. NGU har vurdert steinbrotet å vere av nasjonal verdi.

Uttaket sysselset fleire ansatte (om lag 50 stk. på tidspunkt for konsekvensutgreiing) og bidreg til å halde oppe sysselsetjinga og skape ny sysselsetjing i lokalsamfunnet/distrikttet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemder, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemder.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etterbruken av området er ikkje avklart på noverande tidspunkt. Drifta i uttaket etter gjeldande reguleringsplan vil ha ein tidshorisont på 50 – 70 år. Det ligg difor til framtidig regulering å bestemme framtidig arealbruk. Foreløpig er det foreslått at området kan nyttast til jordbruksformål, industriformål eller landbasert fiskeoppdrett. Uttak i hovedbrotet kan skje ned til kote 40.

Eventuelle vrakmassar frå produksjonen vil bli plassert i tråd med etterbruksføremålet, som igjen vil bli bestemt i seinare reguleringsplanar. Ved avslutta uttak skal brotet ryddast for maskinar, utstyr, skrotmasser og liknande. Bygningar som er ført opp knytt til drifta skal fjernast.



Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren er allereie blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 3 000 000 for heile området, slik det vert skildra i vedtak av 11. juli 2013, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekjoms av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.



Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg.
Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleiar

Stine Borge Nordskag
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskag



Vedlegg:

Konsesjonsområde_Husafjellet (Eikefet).pdf

Godkjent driftsplan_Eikefet (Husafjellet).pdf

Adresseliste_Husafjellet (Eikefet).pdf

Mottakarar:

Oster Pukk og Sand AS

Eikemovegen 3

5994 VIKANES

Kopi til:

Adresseliste